



Taule Bygg AS
Storsteinen 3
5911 ALVERSUND

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/3814 - 20/41729

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
30.06.2020

Mellombels bruksløyve for delar av tiltaket- gbnr 445/264 Manger nedre

Administrativt vedtak: Saknr: 694/20
Tiltakshavar: Aufera AS
Ansvarleg søkjar: Taule Bygg AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for delar av tiltaket – 1 rom for bruksendring frå butikklokale til arbeidslokale for yrkeshemma på gbnr gbnr 445/264 seksjon 1 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: 1 rom i 1.etasje i byggets hjørne som er vist med farge på planteikningar og bilder, mottatt 30.06.20.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.03.2021.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at delar av tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 20/3814 datert 24.04.20.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Resterande del av bygget.
2. Innlevering av sluttrapport for avfallshåndtering.

3. Vassmålar skal vere installert.

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: rom som merka som utlån med grønn farge på planteikninga, mottatt 30.06.20

Ansvarleg søker har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.03.2021.

Det vert elles vist til søknad mottaken 30.06.20.

VURDERING

Kommunen legg mottaken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket.

Skildring

Adresse:	Idrettsvegen 1A
Bygningstiltak:	Bruksendring av butikklokale til arbeidslokale for yrkeshemma
Bygningsnummer:	13280177
Bruksareal:	Heile tiltaket: 750 m ² ; delen som takast i bruk nå: 16 m ²
Avløp:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl §

29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/3814

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Scan_0105

Scan_0106

Mottakarar:

Taule Bygg AS

Storsteinen 3 5911

ALVERSUND